

Gjorde eit rett val

FOR EIT ÅR SIDAN gjekk debatten om val av hovudveggar mellom aust og vest. Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen ville i utgangspunktet prioritere *ein* veg, men opna etter kvart for å satse på fleire. I innspurten handla det om Rv7 Hardangervidda eller Rv52 Hemsedalsfjellet, i tillegg til E134 over Haukelifjell. I mars i fjor vart det kjent at regjeringa valde både Rv7 og Rv52, med vekt på tungtrafikk over Hemsedalsfjellet og persontrafikk over Hardangervidda.

FOR HALLINGDAL var dette ein god konklusjon. Det samsvara med det regionen hadde kjempa for under vegs, nemleg Rv7 og Rv52 som to sidestilte og prioriterte hovudveggar. Standpunktet vart utfordra frå Gol og Hemsedal kommunar som berre ville gå inn for Rv52, men fleirtalet i Hallingdal stod fast ved å prioritere begge vegane.

 Vegane er livsnerven for kvar sine distrikt.

HALLINGDØLEN kunne nyleg presentere trafikkdata over fjellovergangane i fjor. Dette er interessante tal som underbygger vedtaket om tre hovudveggar på ein god måte. Her er oversikta over antal bilar i døgnet på dei ulike fjellovergangane:

- Rv7 Hardangervidda - 1224
- Rv52 Hemsedalsfjellet - 1308
- Fv50 Hol-Aurland - 292
- E16 Filefjell - 677
- E134 Haukelifjell - 1460

DET ER DEI TRE valde hovudvegane som har den største trafikken. Og det er Hallingdal med sine tre fjellovergangar som har den desidert største trafikken totalt sett, med 2824 bilar i døgnet. Dei fleste som køyrer mellom aust og vest vel ein veg gjennom Hallingdal.

DETTE FORTEL OSS at regjeringa gjorde rett i å satse både på Rv7 og Rv52 i tillegg til E134. Vegane er livsnerven for kvar sine distrikt, og dermed like viktige. Gode og stabile kommunikasjonar er avgjerande for både privatpersonar og næringslivet.

MEN VEGSTATUS i seg sjølv betyr ikkje alt. Politikanane må også følge opp med nødvendige løyvingar skal vedtaka ha eit innhald. Dei ferske tala er gode argument for å lyfte fram Vegpakke Hallingdal, det vil seie investeringar på strekninga Hønefoss-Gol. Det er her størstedelen av aust-vest-trafikken går, og behovet for utbetringar er stort. Dernest må Solvik-Olsen kome i gang med planlegging av miljøtunnelar på Hardangervidda og nødvendige vegsatsingar på Rv52 Hemsedal/Hemsedalsfjellet.